

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 5/22. Opplegg for utleige av hytta i Brubotn

Saksopplysning/vurdering

Fjellstyret overtok i desember 1992 hytta som av Oslo Energi vart kalla «Olavsbu» i Brubotn, og fekk utvist avgiftsfritt feste av Statskog SF. I 1993 vart det inngått ein avtale mellom fjellstyret og Stemmerdalen sankelag om bruken av hytta. Her vart det avtalt at sankelaget disponerer hytta i beitesesongen 15. juni – 30. september, og fjellstyret i tida 1. oktober – 14. juni. I åra etter at avtalen vart inngått, er det i praksis gjetar/sesongoppsyn tilsett av fjellstyret som har nytta hytta i beitesesongen. Medlemmar i sankelaget har helst nytta hytta i samband med sauejaget om hausten, og heller lite utanom dette. Fordeling av vedlikehaldskostnader med 2/3 på fjellstyret og 1/3 på sankelaget var og eit punkt i avtalen. Dette punktet er i liten grad følgt opp dei seinare åra – etter 2000 har fjellstyret stått for vedlikehaldet, seinast med legging av nytt tak i 2021. I samband med handsaminga av fjellstyrebudsjetta for 2020, -21 og -22 har fjellstyret drøfta tiltak som må gjerast for å kunna klargjera hytta for utleige i periodar ho ikkje er i bruk, og det er sett av pengar til å gjera oppgraderingar. Ein god del er gjort, som utskifting av senger og kjøkeninventar. Det er tidlegare gjort tiltak på det elektriske anlegget for å få alt i forskriftsmessig stand. Ein ting som har vore drøfta, men ikkje utført, er å få til sikkert vatn heile året ved t.d. å bora etter vatn. Slik det er no, er det berre i sommarsesongen det er innlagt vatn.

Hytta har opphaldsrom, kjøken og tre små soverom. Om ein reknar med to soveplassar i stova, kan det vera plass til 6-8 gjester. Det er straum og god mobil- og nettdekning. Det er bygt utedo 30 meter nedanfor hytta.

Vinterstid kan det vera trøngt om parkeringsplass på den oppbrøyte plassen framfor Eco-garasjen. Seinare på våren vert meir areal tilgjengeleg, ved at snøen tinar kring kantane av plassen. For å unngå at gjester på hytta parkerer slik at bilar kjem i veggen for Hafslund Eco si drift, bør eventuell utleige av hytta helst skje frå april og utover. Fare for vegstenging talar for det same.

Økonomi

Med ein utleigeperiode frå 1. april til 15. juni, 2 ½ månad, vil det i praksis bli like lenge som hytta i Håbergsholene er tilgjengeleg for gjester (15. juli-30. september). Med 50 % utleige i denne perioden, 38 døger, kan det gje ei leigeinntekt på kr 35.000-40.000 per sesong, dersom ein legg dei vedtekne prisane for hytta i Håbergsholene til grunn. Desse prisane vart vedtekne i desember 2021, og er kr 900 per døger på vekedagane og 1200 i helgane. Innanbygdbuande betalar 2/3 av dette. Ei eiga salsside for hytta på Inatur vil ikkje innebera nokon

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 5/22, side 2.

ekstra kostnad – eksisterande abonnement kan utvidast til å omfatta fleire hytter. Utleige av hytta vil føra med seg ein del tilsyn før og etter at hytta har vore i bruk.

I mange tilfelle vil dette kunna lata seg kombinera med andre ærend i området. Garasjen i Brubotn er ofte utgangspunkt for oppsynet sine turar. Difor vil dette ekstra hyttetilsynet ikkje slå så mykje ut i fjellstyrerekneskapen. I fjellstyret sitt budsjett for 2022 vart inntekter av hytter auka med 30.000 i høve til 2021, med tanke på leigeinntekter frå denne hytta.

Dersom fjellstyret ynskjer å marknadsføra tilbodet for innanbygdsbuande i Aurland før det vert lagt ut for «ålmenta,» vil det kunne gjerast t.d. gjennom eit oppslag på fjellstyret si halvside i Aurlendingen. Det let seg og gjera å oppretta salsside og informera om tilbodet på Inatur, utan å opna for utleige før ein bestemmer seg for det.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret opnar for utleige av hytta i Brubotn i perioden 1.4.-15.6. Informasjon om tilbodet vert lagt ut i marsnummeret av Aurlendingen, og det vert opna for sal gjennom Inatur frå midten av mars.

Utleigeprisane i denne perioden vert som for fjellstyret si hytte i Håbergsholene:

- Kr 900 per døger for vekedagane (søndag – fredag)
- Kr 1200 per døger for helg (fredag – søndag)

Innanbygdsbuande betalar 2/3 av desse prisane.

Aurland, den 4.2.22

Harald Skjerdal